

Normalvedtekter for lokal-, fylkes- og distriktslag

§ 1 Lagsnamn

Laget sitt namn er (namn) og er knytt som lokallag til Norges Fjordhestlag.

§ 2 Føremål

(Namn på lag) har som mål å samle alle med interesse for fjordhesten til sams arbeid for å fremje bruk og al av rasen.

§ 3 Medlemskap

Dei som betaler medlemskontingent til NFL er hovudmedlemmer i laget.

Dei som vil støtte lokallaget og berre betaler lokallagskontingent vert støttemedlemmer i lokallaget.

§ 4 Årsmøtet

Årsmøtet er øvste avgjerdssorganet i laget og må haldast innan utgangen av februar.

Innkallingsfristen er to veker.

4.1 Årsmøtet sine oppgåver

1. Godkjenne innkalling og sakliste
2. Velje møteleiar
3. Velje skrivar
4. Velje to til å skrive under møteboka
5. Godkjenne årsmelding
6. Godkjenne rekneskap
7. Handsame budsjett og vedta lokallagskontingent
8. Drøfte arbeidsprogram for komande år
9. Velje leiar for eitt år
10. Velje to styremedlemmer for to år
11. Velje to varamedlemmer for eitt år
12. Velje to revisorar for eitt år
13. Val av utsendingar
 - A - For lokallag, der fylkes-/distriktslag finst: Velje utsendingar til årsmøtet i fylkes- eller distriktslag.
 - B - For lokallag, der fylkes-/distriktslag ikkje finst: Det totale talet medlemmer i fylket avgjer tal utsendingar til årsmøtet i NFL. Kvart fylke har rett på minst 1 utsending, deretter ein ny pr 30 medlemmer. Lokallaga i fylket avgjer utsendingane seg i mellom.

C - For fylkes-/distriktslag: Velje utsendingar til årsmøtet i NFL. Fylkes- og distriktslag har rett på minst 1 utsending, deretter ein ny pr 30 medlemmer.

14. Supplere valnemnd

Berre saker som står på saklista kan handsamast. Saker som medlemmene vil ha opp på årsmøtet må vere styret i hende 14 dagar før årsmøtet.

Innkallinga til årsmøtet kan vere personleg eller ved lysing i pressa. Berre dei som har betalt kontingen for året som gjekk har stemmerett.

Styret har ikkje stemmerett når det gjeld årsmelding og rekneskap.

§ 5. Ekstraordinært årsmøte

Dersom styret finn det nødvendig, kan dei kalle inn til ekstraordinært årsmøte. Dersom halvparten av dei betalande medlemmane krev det, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte.

På dette møtet kan ein berre handsame dei sakene som står oppførde i innkallinga. Medlemmene skal kallast inn skriftleg.

§ 6 Styret

6.1 Styret sin samansetnad og sentrale oppgåver

Styret skal vere på fem personar valde av årsmøtet. Årsmøtet vel leiaren særskilt elles konstituerer styret seg sjølv.

Styret har ansvaret for den daglege drifta av laget, og skal så godt dei kan gjennomføre dei vedtaka som vert fatta på årsmøtet. Dei møtest så ofte som leiaren eller andre i styret finn at det trengst. Styret er vedtaksført når tre av medlemmene møter. Vedtaket må då vere samråystes.

6.2 Andre oppgåver

Styret skal elles

1. Føre rekneskap
2. Skrive årsmelding
3. Føre møtebok
4. Kalle inn til årsmøte innan fristen
5. Førebu sakene for årsmøtet
6. Syte for at naudsynte skriv vert sende i rett tid
7. Skaffe midlar til laget